

Høyringsnotat - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning, våren 2024

INNLEIING

Forslaga om endringar i forskrifta omfattar:

Kap. 2 Generell studiekompetanse § 2-2

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-2, 4-3, 4-5, 4-7 (to ledd), 4-8, 4-9 og 4-10.

Kap. 5 Opptak på visse vilkår § 5-1

Kap. 7 Rangering av søkjarar ved opptak § 7-6

Vedlegg I om Georgia

Vedlegg II om Belgia, Brasil, Canada (Quebec), Frankrike, Irland, Spania, Sveits og Ungarn.

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringar i opptaksforskrifta frå 10 instansar i 2024. Fleire av forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringar, som endringar i namn på studium og andre språklege endringar, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) legg til grunn at endringar som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2025-2026. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt spesifikt i desse forslaga.

Parallelt med denne høyringa har Kunnskapsdepartementet også lagt fram ei anna høyring av 23. april 2024, som gjeld føresegnene § 4-2 (7) og ny § 4-7 A i opptaksforskrifta. Det inkluderer mellom anna spesielle opptakskrav til sjukepleier- og lærarstudium: Forslag om endringar i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning og opptak til praktisk-pedagogisk utdanning. Svarfrist på den andre høyringa er 7. juni 2024. Forslaga i 23. april-høyringa er meint å skulle trå i kraft umiddelbart, som betyr at endringar her kan bli avgjort før forslaga i denne høyringa er ferdig handsama. Det er ikkje naudsynt eller ynskjeleg å kommentere på 23. april-høyringa i svar til denne høyringa, og slike kommentarar vil ikkje handsamast i samband med denne høyringa. Det vil heller ikkje bli handsama endringsforslag i denne høyringa, som allereie er på høyring eller blir påverka av 23. april-høyringa. Forslaga som blir sendt på høyring gjeld:

- Generell studiekompetanse i kapittel 2. Det er forslag om å forskriftsfeste ei løysing for kvalifisering som gjeld søkjarar med utanlandsk utdanning som ikkje dekker det fulle kravet til generell studiekompetanse i GSU-lista.
- Spesielle opptakskrav i kapittel 4. Åtte forslag om justering av spesielle opptakskrav for spesifikke studium.
- Opptak på visse vilkår i kapittel 5. Det er forslag om ei presisering av vilkåra som gjeld for at studentar med opptak på visse vilkår skal få behalde studieplass dei har fått.
- Rangering av søkjarar i kapittel 7. Det er forslag om spesialregel om innrekning av nye fag for søkjarar som er kvalifisert på grunnlag av utanlandsk utdanning.
- Generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista i Vedlegg I. Det er forslag om endring av krav til generell studiekompetanse for søkjarar med georgisk vidaregåande opplæring.
- Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande opplæring i Vedlegg II. Det er forslag om å endre tabelltype for følgjande land: Belgia, Brasil, Canada (Quebec), Frankrike, Irland, Spania, Sveits og Ungarn.

Forslag om stryking er merka med ~~gjennomstryking~~ og forslag om ny tekst er merka med **utheving**.

FORSLAGA MED VURDERING

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-2 Utanlandsk utdanning

Gjeldande rett

Ein søkjar med utanlandsk vidaregåande opplæring kan kvalifisere for opptak på grunnlag av denne, jf. § 2--2 andre, tredje og åttande ledd. Søkjarar som berre oppfyller delar av krava kan etter etablert praksis kvalifisere for opptak utan å måtte gjennomføre eit heilt nytt opplæringsløp. Dette gjeld søkjarar som har fullført og bestått eit fullt vidaregåande opplæringsløp i utlandet, men som òg har krav om fullført høgare utdanning for å oppnå generell studiekompetanse. Krav om norsk og engelsk språk kjem i tillegg.

Praksisen er at desse søkjarane som har fullført ei vidaregåande opplæring frå utlandet, tek studiekompetansefaga frå norsk vidaregåande skule for å kompensere for kravet om høgare utdanning. HK-dir ønskjer å forskriftsfeste ordninga, fordi han allereie i dag er kjend og i omfattande bruk. I røynda er kravet til eitt års høgare utdanning kompensert med at søkjar tek studiekompetansefaga fastsett i forskrifta § 2-1 første ledd. Denne løysinga er basert på to føresetnader: 1) at søkjar tek fag i norsk vidaregåande opplæring tilsvarande minst 840 timar (omfangskravet), og 2) at søkjar dekker alle fagkrava i § 2-1. Kravet til omfang er ikkje direkte referert i forslaget, men ligg i kravet om eitt års høgare utdanning. Eit normert år i vidaregåande opplæring i utdanningsprogrammet for studiespesialisering er 840 timar, og studiekompetansefaga overstig dette med klår margin.

Dette er ei enkel og føreseieleg metode for å kunne kvalifisere for opptak. Samstundes gir metoden søkjaren eit fagleg grunnlag som ligg nærare innhaldet i den generelle studiekompetansen for søkjarar med opplæring i norsk vidaregåande skule. I tillegg er språkkrava i norsk og engelsk dekte, i og med at søkjaren fullfører og består studiekompetansefaga i norsk og engelsk.

Det er nokon avvik i praksisen. Samordna opptak sin etablerte praksis gjeld også dei tilfella der søkjarar allereie har utanlandske fag som i innhald og omfang reknast som tilstrekkeleg for å dekke enkelte studiekompetansefag. Det er også praksis for korleis ein kan dekke omfangskravet på ei alternativ måte, til dømes der søkjar har avbrote høgare utdanning som ligg nært opp til eitt års studiar. Denne praksisen bør først vidare.

Søknadar basert på utanlandsk vidaregåande opplæring, med studiekompetansefaga frå Norge, blir rangert på ein eigen måte. Faga frå norsk vidaregåande utdanning reknast inn i poengsummen med 1/3 vekt, slik at studiekompetansefaga (med eventuelle tillegg eller fråtrekk, jf. førre avsnitt) får om lag same vekt opp imot den utanlandske vidaregåande utdanninga som eit påbygg til norsk, yrkesfagleg vidaregåande skule har. HK-dir meiner at dette er i tråd med den generelle regelen i forskrifta § 7-1 tredje ledd, som seier at grunnlaget for rangering er det same som grunnlaget for kvalifisering. Det er difor ikkje naudsynt med ein eigen heimel for rangering på grunnlag av den nye regelen.

Det er få eller ingen økonomisk-administrative konsekvensar av å forskriftsfeste regelen. Dette er ein etablert praksis i Samordna opptak i dag, og blant andre etatar og interessentar. Søkjarar med vidaregåande opplæring frå utlandet har med dette ein veg inn i norsk høgare utdanning som ikkje føreset at dei tek eit heilt vidaregåande løp over tre år, eller flyttar til utlandet for å ta høgare

utdanning for å dekke kravet til generell studiekompetanse i sin heilskap. Derimot vil det kunne få konsekvensar for dei aktuelle søkjarane og etatane dersom reglane blir endra frå det som er dagens praksis, eller om praksisen skulle bli avvikla.

Forslag frå HK-dir

Forslaget er ei heilt ny føresegn, plassert som niande ledd i paragrafen om generell studiekompetanse på grunnlag av utanlandsk utdanning. Samordna opptak får samstundes fullmakt til å lage rutinar for å handsame tilfelle som skil seg litt frå hovudregelen.

§ 2-2 (9) skal lyde:

Søkjarar med vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje oppfyller kravet om høgare utdanning etter åttande ledd, kvalifiserer for opptak dersom dei kan dokumentera fullført og bestått faga i § 2-1 første ledd tredje punktum.

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-2. Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag, sjette ledd

Gjeldande rett

Leddet gjeld ernæringsstudium på bachelornivå, som per no har krav om faga matematikk R1 (eller S1 og S2), fysikk 1, og kjemi 1 og 2, for kvalifisering og opptak. Det er Universitetet i Tromsø og Universitetet i Bergen som per i dag tilbyr slike studium. (Atlantis medisinske høgskole og Oslo nye høyskole tilbyr tilsvarande studium, men har tilsynelatande ikkje spesielle opptakskrav.)

Forslag frå Universitetet i Tromsø og Universitetet i Bergen

Institusjonane har levert liknande forslag om å endre spesifikt det spesielle opptakskravet fysikk 1, til å vere mogleg å erstatte med faget biologi 1. Begge institusjonane viser til støtte frå Universitetet i Oslo på dette punktet, og sjølv om Universitetet i Oslo ikkje har levert eige innspel til fråsegna, kan det vere fordi institusjonen ikkje sjølv tilbyr dette studiet på bachelornivå. Forslagsstillarane gir fleire grunnar til kvifor ein kan mjukne opp dette kravet, som at det tidlegare ikkje var naudsynt med fysikk 1 og det var uproblematisk, at det vil hjelpe med rekruttering, og at biologi 1 truleg ikkje vil gjere at studentane er noko mindre studieforberedt enn om dei har fysikk 1. Enkeltemne frå studiet har ikkje krav om fysikk 1 ved UiB, og det nemnast ikkje at dette skapar kjente problem på dei aktuelle emna.

HK-dir si vurdering

Det er generelt problematisk at studium har spesielle opptakskrav der forskjellige typar fag kan dekke krava. Det stillar spørsmål om i kva grad det er naudsynt for studiegjennomføringa å dekke eit av alternativa i det heile teke. I dette konkrete endringsforslaget kunne løysinga ha vore å fjerne krav om fysikk 1 heilt, noko som også argumentasjonen går langt i å peike på. Det er normalt ikkje HK-dir si rolle å stille seg imot ein lærestad sine ønske om spesielle opptakskrav, fordi dette er noko lærestadane kjenner best, men i dette dømet er det ikkje sagt at ein skal krevje biologi 1 (rett nok som erstatning for fysikk 1) fordi det er eit fag som er naudsynt for å kunne gjennomføre studiet.

I sum meiner HK-dir at dette forslaget først og fremst er ei understreking av at kunnskapar innan fysikk ikkje er naudsynte for gjennomføring av studiet, og det er ikkje argumentert for at det er naudsynt å ha kunnskapar innan biologi. HK-dir lanserer difor også til høyring å gjennomføre det som

argumenterast for i innspela, og fjerne krav om fysikk 1 som spesielt opptakskrav for ernæringsstudium på bachelornivå. Det er ønskt at høyringsinstansane kommenterer på kva alternativ dei meiner er det mest føremålstenlege, om dei støtter endringa.

Fordi dette er ei endring som berre vil tene til å kvalifisere fleire søkjarar (uansett om det blir ei løysing kor fysikk 1 strykast eller blir eit alternativ til biologi 1), kan endringa tas inn i forskrifta frå og med 2025.

§ 4-2 (6) skal lyde:

Anten (HK-dir sitt forslag)

Ernæringsstudium (bachelor) har krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2), ~~fysikk 1~~ og kjemi (1 + 2).

eller (Universitetet i Bergen og Universitetet i Tromsø sine forslag)

Ernæringsstudium (bachelor) har krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2), kjemi (1 + 2), og anten biologi 1 eller fysikk 1.

§ 4-3. Spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag, (nytt) femte ledd

Gjeldande rett

Den aktuelle føresegna er eit tillegg til føresegna i tredje ledd av same paragraf. Tredje ledd fastset krav om matematikk R1 (eller S1 og S2), og anten matematikk R2 eller eit anna realfag med full fordjuping (vg2- og vg3-nivå) frå vidaregåande opplæring, for studium innan realfag, natur- og miljøfag. Fjerde ledd, som er det forslaget gjeld, gjer også institusjonane moglegheit til å krevje både realfagleg matematikk og eit anna realfag med full fordjuping, etter lokal avgjerd.

Forslag frå Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo ønskjer å leggje til samfunnsøkonomi 1 og 2 i rekka over faglege alternativ til å dekke det kravet som er gitt i fjerde ledd. Spesifikt er dette knytt til eit konkret studium som nyttar dette kravet per no: bachelorstudiet Matematikk: finans, forsikring og økonomi. Studiet er nytt av 2023, og er plassert i kravkategorien av Universitetet i Oslo sjølv, idet føresegna ikkje eigentleg identifiserer spesifikke studium. Av di studiet er spesielt økonomisk innretta, ønskjer lærestaden å inkludere samfunnsøkonomi 1 og 2 som eit alternativ til dei valfrie fordjupingane ein kan kvalifisere for opptak med.

HK-dir si vurdering

Som i vurderinga av endring i § 4-2 (6), stillar HK-dir seg noko usikker på i kva grad ein kan seie at eit spesielt opptakskrav er naudsynt for studiet, når det er mogleg å bytte ut med andre, alternative krav. Når det er sagt, er dette likevel i tråd med slik denne føresegna allereie er oppbygd, og føresegna den er ei fortsetjing av.

Det som er litt meir usikkert her, er om dette er ei løysing som burde gjelde for alle dei studia som kan falle inn under kategoriane av studium som er inkludert i denne føresegna. Om ein legg til samfunnsøkonomi 1 og 2 i fjerde ledd, blir dette også gjeldande for andre studium som nyttar same kategori spesielle opptakskrav. Programfaga samfunnsøkonomi 1 og 2 høyrer til programområde for språk, samfunnsfag og økonomi, og ikkje til programområde for realfag i vidaregåande opplæring, og dette vil då skape ei unaturleg utviding av føresegna sitt nedslagsfelt. HK-dir ønskjer difor å heller

skape ei ny føresegn, spesielt for denne kategorien studium. Det aktuelle studiet ved Universitetet i Oslo får med det sitt eige femte ledd i paragrafen, spesifikt for dette føremålet. Det har vore vurdert om føresegna heller ville passe inn i ei anna paragraf, av di studiet kombinerer realfag og samfunnsfag (økonomi) på ei spesiell måte, men HK-dir har falle ned på at likskap med føresegnene i paragrafen gjer at plassering i § 4-3 kan forsvarast.

§ 4-3 (5) skal lyde:

Matematikk: finans, forsikring og økonomi (bachelor) ved Universitetet i Oslo har krav om matematikk (R1 + R2) og i tillegg fysikk (1 + 2) eller kjemi (1 + 2) eller biologi (1 + 2) eller informasjonsteknologi (1 + 2) eller geofag (1 + 2) eller teknologi og forskingslære (1 + 2) **eller samfunnsøkonomi (1 + 2).**

§ 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag, fjerde ledd

Gjeldande rett

Føresegna i § 4-5 (4) krev minimum karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk, for kvalifisering til bachelorstudium i samfunnsøkonomi. Per no gjeld føresegna berre studium ved Universitetet i Bergen, men den seier også at alle like studium ved andre lærestadar kan innføre slikt krav etter egne vedtak, frå og med opptak til studieåret 2025-2026. Universitetet i Bergen har hatt dette kravet som forsøksordning frå 2019, og innført fast i 2023 (med verknadsdato frå opptaket 2024).

Forslag frå Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen ønsker å heve kravet om matematikkunnskapar for bachelorstudiet Samfunnsøkonomi, frå minimum 4,0 i fellesfaget matematikk, til programfag i matematikk (R1 eller S1+S2). Hensikta er å auke gjennomføringsgraden på studiet og å enklare kunne samkøyre utdanningstilbod. Universitetet i Bergen argumenterer i etterhand også for at det er gjennomføringsgraden på spesielt eitt emne som ligg til grunn for denne vurderinga. Studentane på fleire samfunnsøkonomiske studium tek dette emnet, og ein ser at studentar med berre fellesfag matematikk presterer dårlegare enn studentane som har programfag i matematikk. Det er ikkje gitt informasjon om kor stor skilnad det er i strykprosenten mellom studentane på dette eine emnet. Det har vidare blitt opplyst at Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (som har slike/liknande studium) stør forslaget, og vurderer same løysing. Dei har ikkje spelt inn slikt forslag til høyringa. Universitetet i Tromsø og Norsk miljø- og bioveteskaplege universitet har óg slike studium, men det er ikkje kjent korleis dei stillar seg til forslaget.

HK-dir si vurdering

Det er ikkje heldig at like studium har ulike opptakskrav. Ein freista å hindre dette ved å la alle lærestadar som tilbyr bachelor i samfunnsøkonomi få innføre kravet som UiB har fått innført frå og med neste års opptak. Likevel, Universitetet i Bergen har gjort ei vurdering av behov på studiet, og med det identifisert ei utfordring som dei vil ha ei løysing på. Difor kan forslaget høyrast. HK-dir ønsker spesielt at andre institusjonar som tilbyr bachelor i samfunnsøkonomi svarar på dette forslaget til endring av føresegn, med informasjon om eigne (mogleg framtidige) behov, og meining om at det blir skilnad i opptakskrava for desse studia.

Vi gjer samstundes merksam på at forslaget om føresegn nedanfor inkluderer den redaksjonelle endringa som er naturleg å gjere for den eksisterande føresegna per i dag, slik at det blir klårt kva resultatet vil bli i ny forskrift.

Endringa er eit skjerpa krav for opptak til samfunnsøkonomi på Universitetet i Bergen, og forslaget er difor at det skal ha effekt frå opptaket 2026.

§ 4-5 (4) skal lyde:

For opptak til Bachelorstudium i samfunnsøkonomi ved Universitetet i Bergen har kan institusjonane sjølv fastsette krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

~~Alle institusjonar som tilbyr Bachelorstudium i samfunnsøkonomi kan nytte same krav for opptak etter avgjerd ved lærestaden, gjeldande frå og med opptak til studieåret 2025–26.~~

Bachelorstudium i samfunnsøkonomi ved Universitetet i Bergen har frå opptaket til studieåret 2026-2027 krav om at søkjarar må dokumentere matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2).

§ 4-7. Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar, tredje ledd

Gjeldande rett

Føresegna set spesielle opptakskrav for studiet Grunnskulelærarutdanning med musikk. Dette inkluderer det normale kravet med karakterkrav i faga norsk og matematikk, og nivåkrav for skulepoeng, men også eit krav om dokumentasjon av «kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen». Det har i seinare tid vist seg at dette siste dokumentasjonskravet ikkje er ønskt av aktuell lærestad.

HK-dir foreslår

Om krav om dokumentasjon av spesiell dugleik ikkje er ønskt eller naudsynt for opptak eller gjennomføring av studiet, bør det heller ikkje krevjast for kvalifisering for studiet. Spørsmålet er om ein skal endre kravet til ei moglegheit for lærestadane til å nytte kravet etter ønske, eller om ein skal fjerne det i si heilskap. Av di det kan endre seg korleis lærestadane stiller seg til dette over tid, og det kan opprettast nye slike studium, ønskjer HK-dir å behalde kravet, men gjere det mogleg for aktuelle lærestadar å nytte det der det er naudsynt og ønskeleg, og la det vere opp til lokalt vedtak.

Endringa er ei oppmjuking som antakeleg også er i praksis per no, slik at føresegna kan endrast frå og med 2025.

§ 4-7 (3) skal lyde:

Grunnskulelærarutdanning med musikk har krav om at søkjarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. I tillegg ~~må kan institusjonen etter avgjerd krevje søkjarar~~ dokumenterte kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærmare reglar ~~fastsette av institusjonen~~.

§ 4-7. Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar, sjette ledd

Gjeldande rett

Det er krav om dokumenterte kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama for kvalifisering til Grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta, etter lokalt sette reglar ved kvar institusjon som tilbyr slikt studium. Det er uklårt i kva omfang denne regelen nyttast per no, og i kva format.

HK-dir foreslår

Om krav om dokumentasjon av spesiell dugleik ikkje er ønskt eller naudsynt for opptak eller gjennomføring av studiet, bør det heller ikkje krevjast for kvalifisering for studiet. Spørsmålet er om ein skal endre kravet til ei moglegheit for lærestadane til å nytte kravet etter ønske, eller om ein skal fjerne det i si heilskap. Av di det kan endre seg korleis lærestadane stiller seg til dette over tid, og det kan opprettast nye slike studium, ønskjer HK-dir å behalde kravet, men gjere det mogleg for aktuelle lærestadar å nytte det der det er naudsynt og ønskeleg, og la det vere opp til lokalt vedtak.

Endringa er ei oppmjuking av gjeldande føresegn, så den kan innførast frå og med 2025.

§ 4-7 (6) skal lyde:

Grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta **kan** ha krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter **vedtak og** nærmare reglar fastsette av institusjonen.

§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Gjeldande rett

Engelskspråklege utdanningsprogram har i paragrafens fem ledd krav om minst karakteren 4,0 i fellesfaget Engelsk (eller fullført og bestått programfag tilsvarande), for dei studia som har meldt inn at dei ønsker slikt krav. Slike studium er konkret nemnd i føresegnene. Det har vore tradisjon for å la institusjonane sjølve vurdere om slikt krav er naudsynt, utan at det er stilt større/andre krav til grunnlag.

HK-dir foreslår

Ettersom det ikkje er grunnlag for å krevje at lærestadane har anna grunngeving for slikt spesielt opptakskrav enn at studiet er på engelsk, meiner HK-dir at handsaminga for dette kan forenklast. Ved å setje eit krav om at studia må vere på engelsk, kan det utan problem innførast ei føresegn om at dette kan vurderast av den einskilde lærestad. HK-dir foreslår difor å erstatte alle føresegnene med ei enkelt føresegn om at studium som er på engelsk, kan nytte slikt krav ved eiga avgjerd.

Med denne endringa blir det ikkje naudsynt å endre forskrifta kvar gong ein ønskjer at eit nytt studium skal ha kravet. Som sikkerheit legg vi inn ei føresetnad om at heile studiet er på engelsk, noko vi meiner er standard for studia som har kravet per no. For nye studium som ønskjer å nytte slikt krav, føreset HK-dir at lærestaden gjer varsel og informasjon om slik innføring i god tid før kravet får effekt.

§ 4-8 skal lyde:

~~(1) Engelskspråklege bachelorprogram ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.~~

(2) Engelskspråkleg bachelorstudium ved MF – vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

(3) Engelskspråklege bachelorprogram ved Universitetet i Sørøst-Noreg har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

(4) *Dei engelskspråklege bachelorprogramma Bachelors programme in Arctic Adventure Tourism og Bachelors programme in Northern Studies* ved UiT – Noregs arktiske universitet har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

(5) *Engelskspråkleg bachelorstudium ved Handelshøyskolen BI* har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

For bachelorprogram som i sin heilskap har engelsk som undervisningsspråk, kan lærestadane etter eige vedtak krevje at søkjarar dokumenterer minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Kravet gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag, bokstav g.

Gjeldande rett

Føresegna listar opp studium som krev opptaksprøve for kvalifisering, lista opp som både studieområde og spesifikke studium ved einskilde lærestadar. Bokstav g. gjeld mellom anna studium innan musikkvitenskap ved UiO. Kvar lærestad set eigne reglar for sine opptaksprøver.

Forslag frå Universitetet i Oslo

For opptak til bachelorstudiet og honoursprogrammet i musikkvitenskap har Universitetet i Oslo til no hatt opptaksprøve etter eiga utforming. I forslag om å stryke seg frå bokstav g., argumenterer institusjonen for dette med at opptaksprøva ser ut til å verke avskrekkande på aktuelle søkjarar, og at prøva sin funksjon for å sile ut ueigna søkjarar er svært liten. Avvikling ønskast frå 2025, med ei påfølgjande evaluering av effekt.

HK-dir si vurdering

Som prinsipp er HK-dir alltid positive til å fjerne spesielle opptakskrav som ikkje nyttast eller fyller føremålet sitt. I røynda ønsker Universitetet i Oslo ei forsøksordning, ettersom avviklinga skal evaluerast i etterkant for effekt. Ei avvikling med moglegheit for seinare ønske om å gjeninnføre eit opptakskrav har fleire praktiske utfordringar ved seg. Difor ønsker HK-dir å gjere dette til ei forsøksordning i forskrifta. Eit forsøk med fritak frå krav om opptaksprøve vil også kunne vere av interesse for NTNU, som har to studium i same bokstav i føresegna. Ettersom dette er eit forsøk som berre vil tene til å gjere fleire søkjarar kvalifisert for opptak, kan den få effekt frå 2025. HK-dir føreset at ei evaluering av fritaket skjer raskt, og at resultata delast med NTNU for vurdering av om dei også ønskjer å fjerne slikt spesielt opptakskrav med effekt frå 2026 eller 2027.

§ 4-9, bokstav g. skal lyde:

Musikkvitenskap og musikkteknologi ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo. **For opptak til studieåra 2025-26 og 2026-2027 kan Universitetet i Oslo fritta for krav om opptaksprøve til studia.**

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag, tredje ledd

Gjeldande rett

Føresegna gjeld per no opptak til 2-årig trafikklærerutdanning, som har spesielle opptakskrav i tråd med dei krava som er stilt til godkjente trafikklærarar. Ønsket om endring frå Nord gjeld eit nytt studium som til no har hatt klassifisering som vidareutdanning, og difor har vore ein del av lokalt opptak og regelverk.

Forslag frå Nord universitet

I samanheng med opprettinga av eit nytt grunnstudium «2-årig høgskulekandidat trafikklærer for tunge klassar», ønskjer Nord universitet å legge spesielle opptakskrav til forskrifta. Kravet inkluderer krava til førarkort for klassane BECEDE og tre års relevant yrkespraksis på heiltid, både innan 1. mars i opptaksåret. Studiet er planlagt utlyst frå hausten 2025.

HK-dir si vurdering

Forslaget frå Nord universitet er ikkje problematisk i seg sjølv, men er del av ei uferdig prosess per no. HK-dir har tillit til at Nord universitet har gjort dei naudsynte vurderingar for opptakskravet, inkludert avklaringar med Statens vegvesen. Det er likevel nokre usikre punkter i dette forslaget, av di regelverk og kravets opphavslege heimel ikkje er endeleg vedteke. Til samanlikning er det spesielle opptakskravet for 2-årig trafikklærerutdanning basert på Statens vegvesen sitt regelverk om godkjenning som trafikklærer, og det meiner HK-dir også bør vere standard for ei ny føresegn om opptak til dette studiet. Statens vegvesen sitt regelverk for trafikklærerutdanning for tunge klassar som grunnstudium er ikkje ferdigstilt per i dag, av di utdanninga fram til no har vore ei vidareutdanning, og følgeleg ikkje ein del av denne forskrifta. Nord universitet og Statens vegvesen er i ei prosess kor eit nytt regelverk, anten i form av ei ny føresegn i egne forskrift eller i form av ein dispensasjon til eksisterande regelverk, skal utformast i løpet av kort tid. Det er likevel naudsynt å høyre desse opptakskrava no, av di studiet er planlagt med oppstart 2025. Signaler frå både partar tydar på at det ikkje er usemje om reglane, og at dette vil løyse seg på den måten Nord universitet foreslår.

HK-dir meiner at føresegna kan høyrast, men føreset at det kjem forslag om endring av føresegna til ein variant som visar meir direkte til Statens vegvesen sitt regelverk og krav så raskt det er mogleg, vonleg i høyringa til opptaksforskrifta for studieåret 2026-27.

§ 4-10 skal lyde:

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

(1) Spesialtilpassa høgskuleutdanning for døve ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har krav om at søkjarar må dokumentere ferdigheiter i norsk teiknspråk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(2) Studium ved Samisk høgskole og studium i samiske språk ved andre institusjonar har krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar i samisk språk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(3) 2-årig trafikklæruddanning har krav om at søkjarar oppfyller krava til førarkort som gjeld for autorisasjon som trafikklærar.

(4) 2-årig høgskulekandidatutdanning for trafikklærar for tunge klassar ved Nord universitet har krav om at søkjarar oppfyller krava til førarkort for klassane BECEDE per 1. mars i opptaksåret, og dokumenterer 3 års yrkespraksis på heiltid per 1. mars i opptaksåret med køyretøy som har tillaten totalvekt over 16 tonn.

(5) ~~(4)~~ Paramedicutdanning (årsstudium) har krav om fagbrev som ambulanspersonell eller relevant høgare utdanning.

(6) ~~(5)~~ Luftfartsfag har krav om at søkjarar må dokumentere matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og fysikk 1, og ha bestått opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(7) ~~(6)~~ 3-årig bachelorstudium i journalistikk ved OsloMet – storbyuniversitetet har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i norsk (393 timar).

(8) ~~(7)~~ 1-årig studium i Arktisk naturguide ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet har krav om at søkjarar må ha gyldig førarkort klasse S eller klasse B og dokumentere relevant praksis etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(9) ~~(8)~~ Til følgjande studium har Høgskolen i Innlandet krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen:

- Bachelorstudium i dokumentar- og TV-produksjon
- Bachelorstudium i dokumentar- og TV-regi
- Bachelorstudium i prosjekt- og produksjonsleiing for dokumentar og TV
- Bachelorstudium i kulturprosjektleiing.

(10) ~~(9)~~ Til følgjande studium ved Nord universitet må søkjaren dokumentere spesielle ferdigheter, fastsette av institusjonen, i form av innsendt arbeid:

- Bachelorstudium i CG Art and Animation,
- Bachelorstudium i Film and TV Production,
- Bachelorstudium i spill og opplevelsesteknologi.

(11) ~~(10)~~ Bachelorstudium i animasjon og digital kunst ved Høgskolen i Innlandet har krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(12) ~~(11)~~ Søkjarar til desse studia og institusjonane må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen:

a. Følgjande studium ved OsloMet – storbyuniversitetet

- Fotojournalistutdanning
- Produktdesignutdanning
- Bachelor i tolking i offentleg sektor
- Bachelor i norsk tegnspråk.

- b. Animasjon ved Høgskulen i Volda
- c. Industridesign ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- d. Studium ved Steinerhøgskolen
- e. Følgjande studium ved Høgskolen Kristiania
 - Bachelor i Art Direction
 - Bachelor i interiørarkitektur
 - Bachelor i Grafisk design
 - Bachelor i eksponeringsdesign
 - Bachelor i tekst og skribent
 - Bachelor i film og TV
 - Bachelor i lys for scene
 - Bachelor i manus
 - Bachelor i lyddesign
 - Bachelor i spilldesign
 - Bachelor i visual effects
 - Bachelor i interiørarkitektur

Kapittel 5. Opptak på visse vilkår

§ 5-1. Opptak på visse vilkår, fyrste ledd

Gjeldande rett

Elevar i vidaregåande opplæring som ikkje får tatt eksamen (typisk grunna sjukdom eller liknande), kan få opptak på studium på grunnlag av dei resultatane dei har oppnådd elles, etter visse vilkår og føresetnader. Det er eit krav at søkjar oppfyller spesielle opptakskrav i form av karakterkrav også etter at utsett eksamen er avlagt.

Forslag frå HK-dir

Føresegna har eksistert i lang tid, og meir spesifikt lenge før krav om skulepoeng var eit fenomen i opptaket. Det har i dei seinare åra blitt spørsmål om kravet til at søkjar skal dekke spesielle opptakskrav også i form av skulepoeng, som ei utvidande tolking av kravet til oppfylling av karakterkrav, i og med at dette er eit spesielt opptakskrav på likefot i anna regelverk. Det er berre skulepoeng og nivåkrav i enkeltfag som vil vere aktuelt for nett denne delen av føresegna.

HK-dir meiner at skulepoengkravet ikkje skil seg nemneverdig frå krav om karakternivå i enkeltfag og dermed bør reknast inn som eit av krava studentar framleis må dekke når dei oppfyller vilkåra i opptaket dei har fått. Difor bør føresegna spegle dette eksplisitt, for å unngå mistydingar.

Fordi dette er ei naturleg tolking av føresegnas eksisterande ordlyd, og det allereie har vore ei praksis med å tolke «karakterkrav» til å inkludere skulepoeng, meiner HK-dir at endringa kan innførast frå 2025.

§ 5-1 (1) skal lyde:

Søkjjarar som på grunn av spesielle omstende ikkje kan gå opp til eksamen i vidaregåande opplæring, og som difor ikkje kan få dokumentasjon på bestått opplæring som normalt er krav for opptak til institusjonar som er omfatta av denne forskrifta, kan få opptak til høgare utdanning på visse vilkår. Søkjaren får opptak til høgare utdanning på vilkår av at han/ho består eksamen i eitt eller fleire fag i vidaregåande opplæring i løpet av første semester etter opptak. Det er ein føresetnad at søkjaren har karakteren 2 eller betre, eller oppfyller andre opptakskrav med standpunktkarakteren i det faget han/ho ikkje har avlagt eksamen i, og at søkjaren ikkje allereie har avsluttande vurdering i faget. Dersom det er fastsett karakterkrav **spesielle opptakskrav** for opptak til studiet er det ein føresetnad at søkjaren oppfyller ~~karakterkravet~~ **desse** når naudsynt eksamen er avlagt.

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-6. Omrekning frå utanlandske karakterar, (nytt) sjette ledd

Gjeldande rett

Forslaget er eit nytt ledd i paragrafen, som gjeld innrekning av nye fag for søkjarar som kvalifiserer for opptak etter føresegna i § 2-2 (8). Samordna opptak har sidan 2022 nytta konstant (25) i poengrekninga av søkjarar som har generell studiekompetanse etter GSU-lista (Vedlegg I), av di det tidlegare har vore svært ulik effekt av å legge til nye fag frå norsk vidaregåande opplæring for søkjarar med vitnemål frå ulike utdanningssystem. Praksisen har vore vurdert til at dette bør forskriftsfestast for å vere tilstrekkeleg synleg og klår for komande søkjarar, i tillegg til at den har effekt i poengrekninga av søknadar på ein vesentleg måte.

Forslag frå HK-dir

Før 2022 blei nye fag, avlagt i norsk vidaregåande skule, rekna inn i poengsummen til søkjarar med utanlandsk utdanning som ein del av gjennomsnittet av karakterar dei allereie hadde på vitnemålet, jf. § 7-5 (1) og vidare § 7-1 (3). Det vil seie at ein søkjar med sju fag på vitnemålet, fekk rekna inn karakteren i til dømes faget biologi 1 som ein åttandedel av rekninga av gjennomsnitt. Problemet med dette er at utanlandske utdanningssystem har eit svært variabelt tal karakterar på vitnemål – alt ifrå ein karakter, til rundt 100. Det betyr at karakteren i biologi 1 i vårt døme, får svært ulikt utslag for søkjarar med mange eller få karakterar på vitnemålet – alt ifrå 50% til 1%. Dette er eit problem som Samordna opptak har løyst med å innføre ein konstant for å rekne inn nye fag, basert på eit omtrentleg tal karakterar som er normalt for norske vitnemål på studieførebuande linje. I praksis vil det seie at ein reknar eit gjennomsnitt av karakterane på vitnemålet, gangar det med 25, legg til karakteren i biologi 1, og deler summen på 26. (Om ein har fleire karakterar/fag som skal leggjast til, blir talet ein delar på tilsvarande høgare.)

Målet med å bruke konstant er å sikre at eit nytt fag får omtrent same utteljing, uavhengig av kva utdanningssystem ein søkjar har vitnemål ifrå. Slik det var før, hadde søkjarar med mange karakterar på vitnemålet nær inga effekt av å ta nye fag, utover tilleggspoeng for språk- og realfag, mens ein søkjar med svært få karakterar på vitnemålet, hadde uforholdsmessig stor effekt av det nye faget. Ein sær god karakter kunne trekkje snittet langt oppover, medan ein dårleg karakter i Biologi 1 trakk tilsvarande langt ned. I samanlikning med søkjarar med norsk vidaregåande skule som

opptaksgrunnlag var effekten for somme søkjarar urimeleg stor, medan han for andre var urimeleg liten.

Når det gjeld konsekvensar av bruk av konstant, vil denne altså være svært ulik, alt ettersom kva utgangspunkt den einskilde søkjar har: er det snakk om vitnemål med mange eller få karakterar, og trekk dei nye faga poengsummen opp eller ned. Som for andre søkjarar, nyttast ikkje karakterar frå nye, separat utskrivne fag med i poengrekninga med mindre dei i total lønar seg poengmessig i søknaden, eller er naudsynte for kvalifisering til det einskilde søknadsalternativ. (Jf. også avgrensinga i § 7-5, som tidlegare nemnd.) Det betyr at dette lønar seg for visse, og er til gunst for andre.

Vi finn ingen mønster i kven det løner seg for og ikkje. Det kan også både vere til gunst og ugunst for ein og same søkjar. Dersom søkjar både har tatt fag som skal dekkje spesielle opptakskrav (med dårleg karakter), og har tatt fag som berre blir tatt med fordi det gir språk- eller realfagspoeng (med god karakter), so kan både den dårlege og den gode karakteren få større eller mindre vekt i rangeringa ved bruk av ein konstant. HK-dir meiner likevel at bruk av konstant er meir rettvis, fordi innrekning av nye fag får lik vekt for alle søkjarar, uansett om dei er til gunst eller ugunst. Vi meiner dette er spesielt viktig når fag må reknast inn fordi dei skal dekkje spesielle opptakskrav. Utover dette skal det seiast at bruk av konstant ikkje har nokon innverknad på høvet til å få generell studiekompetanse. Det er berre poengsummen som eventuelt blir påverka.

Det er framleis søkjarar som har få resultat på kvalifiserande vitnemål, som ikkje er foreslått å vere del av denne regelen. Søkjarar poengrekna etter 23/5-regelen er ikkje foreslått at skal nyttast konstant for, og tilsvarande for søkjarar som kvalifiserer på grunnlag av høgare utdanning eller fagskuleutdanning. Det er også nokre få døme i Nasjonal vitnemålsdatabase på vitnemål med ekstremt få karakterar, der eit stort tal fag er ført med til dømes «godkjent» eller «fritak». Årsaka er dels effektivitet, og dels talet søkjarar det gjeld. For søkjarar som vurderast på grunnlag av 23/5-regelen eller har vitnemål frå norsk vidaregåande opplæring med svært få karakterar er det ikkje forslag om bruk av konstant, av di det i dagens mest brukte opptakssystem er ineffektivt, og krevjar ein del manuell jobb. Søkjarar som poengrekna etter 23/5-regelen vil først og fremst vurderast likt, innanfor eiga gruppe av søkjarar i same situasjon. Denne gruppa får stor effekt av nye fag i rekning av gjennomsnitt av karakterar, av di det er få karakterar å rekne gjennomsnitt av. Endå meiner HK-dir at det ikkje vil vere mogleg å nytte konstant for desse, av di opptakssystemet ikkje tillét det på ein god måte. For søkjarar med høgare utdanning eller fagskule som kvalifiseringsgrunnlag gis uansett ei individuell vurdering i rangeringa av søknaden. Det er ikkje noko i vegen for å nytte same fenomen for desse søknadane, men det blir eit spørsmål om interne rutinar for, og talet på søkjarar med desse kvalifiseringsgrunnlag er uansett svært små. Samordna opptak vil sjå vidare på om det er grunn til å diskutere dette vidare når ein skal nytte eit nytt opptakssystem i framtida, der meir automatisk handsaming av slike tilfelle blir mogleg.

Av di dette er ei ordning som allereie er i bruk, og den berre tener til meir rettvis i poengrekninga av søknader, foreslår HK-dir at endringa kan vedtakast utan forseinking.

§ 7-6 (6) skal lyde:

For søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring som kvalifiserer for opptak etter § 2-2 (8) reknast tilleggsfag som nemnd i § 7-5 (1), avlagt i norsk vidaregåande opplæring, inn i karakterpoengsum etter en gjennomsnittsrekning som om søkjaren hadde 25 karakterar frå det utanlandske vitnemålet.

Vedlegg I. Generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista

Georgia

Gjeldande rett

Opptak til høgare utdanning på grunnlag av georgisk utdanning, føreset i dag minst eitt års høgare utdanning, i tillegg til fullført og bestått vidaregåande opplæring. Kravet blei sett på slutten av 90-talet eller byrjinga av 2000-talet. Sjølv om namnet på det nye vitnemålet (gjeldande frå ca 2006) er lista opp i GSU-lista, blei kravet til opptak i si heilskap ikkje tidlegare vurdert.

HK-dir si vurdering

Georgia har gjennomført fleire utdanningsreformer sidan landet blei ein sjølvstendig stat, og landet har mellom anna utvida grunnutdanninga til 12-årig skulegang. Dei har signert både Lisboakonvensjonen og er medlem av Bologna-samarbeidet, inkludert at høgare utdanning har innført Bologna-reformer. Heile utdanningssystemet er endra slik at det er harmonisert med utdanningssystema i Det europeiske høgare utdanningsområdet (EHEA).

Ved fullføring av 12 års skulegang, tek elevane avsluttande eksamenar i to steg – etter 11. og 12 trinn. Dei som består eksamenane, får tildelt Complete General Education Diploma/Certificate, eller სრული ზოგადი განათლების დიპლომი - sruli zogadi ganatlebis diplomi/atestati, som omsetjast til engelsk som General Education Diploma. Vitnemålet gir tilgang til høgare utdanning. Elevar som ikkje består alle eksamenane, får Upper Secondary Education Certificate, eller ზოგადი განათლების საშუალო საფეხურის სერთიფიკატი, som ikkje gir tilgang til høgare utdanning.

I tillegg innførte Georgia Unified National Examinations (UNE), administrert av The National Assessment and Examinations Centre, frå 2005. UNE blei innført for å erstatte lokale opptaksprøver som dei einskilde universiteta tidlegare hadde nytta tidlegare. Det er vitnemålet Complete General Education Diploma som gir tilgang til høgare utdanning, men UNE-resultata nyttast til rangering av søkjarane.

I nærliggande land, er vitnemålet tilgangsgivande til høgare utdanning, men ikkje til alle variantar av høgare utdanning: Danmark gir tilgang til ervervs- og proffessionsbachelorutdannelse, men ikkje akademiske bachelorgradar; Sverige gir tilgang i form av generell behørigheit, som ofte må supplerast av anna utdanning for å vere kvalifiserande; Nederland likestiller vitnemålet med det dei kallar HAVO-vitnemål, som er eitt år kortare enn VWO-vitnemål, som er det generelle tilgangsgrunnlaget i høgare utdanning der.

Elevane i Georgia er 18 år gamle når dei avsluttar vidaregåande skule, etter 12 års skulegang. Utdanninga gir tilgang til høgare utdanning, som er harmonisert med dei europeiske utdanningssystema. Sjølv om kandidatane må ta ei rangerande prøve for opptak til høgare utdanning, inneber dette ikkje nokon ekstra utdanning. Det finnast ikkje vesentlege skilnader eller avvik i omfang mellom den norske (eller andre europeiske) og den georgiske grunnopplæringa. Difor er det HK-dir sitt syn at Complete General Education Diploma bør fyller krava til opptak til høgare utdanning i Noreg utan krav om høgare utdanning i tillegg, frå og med 2009 (første uteksaminerte kull etter 2006).

Endringa vil tene til å kvalifisere fleire søkjarar utan at det er naudsynt for dei å ta fag i Noreg for kvalifisering, om dei ikkje har høgare utdanning frå utlandet. Det er ikkje foreslått å endre språkkrava for søkjarar med utdanning frå Georgia. Endringa i oversikta over tilgangsgivande vidaregåande opplæring blir justert tilsvarande med dei nye opplysningane om vitnemåla sine namn på fleire språk.

Vi gjer merksam på at lista er ført med ei redaksjonell endring, i form av tillegg av overskrifter i lista. Dette for at det skal vere enklare å sjå kva krav som er ført i kvar kolonne.

Vedlegg I skal lyde:

Generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista

